Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7 | Fylke: Hordaland
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Granvin
Emne: | Bygdelag: "
Oppskr. av: Jon Haukanes | Gard: Haukanes
(adresse): Folkedal | G.nr. 124 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. etter røynsla

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

lærar h. v. no pensjonist, fødd 1868

SVAR

Samnamn: mork. Det kan vera skav eller brot; beit er ikkje brukt som namnord her i bygdi, men på Voss. Bøying av skav: skjev, skov, skave; infinitiv: å skava.

Ein her brukt mykje skav i bygde, frå lange tider tilbake. Ein skjev enno, men mykje mindre mot fyrr. Ein skov um ein elles löyde höy um våren. Det var kveldsarbeid heile vetren dei skveldar i veka.

Hadde dei lite fôr, skov dei mykje meir alt frå kaustem. Det var serleg ask og raun dei skov; i fjellgarane gjerne osp.

Skjeole var brukt både um ask, raun og osp; ein askje-skjeole, ein raune-skjeole o.d. — Almen gjör } köyrde eg sombarn
askem fär }

Rauneskav galdt for å gjera feitaste mjelki. Askelauv skulde elles vera best.

Ein lauva ask i august ved å hogga buskar av 5-6 år gamle vokstrar på askestuven. Dei braut av i fine greiner etter hoggingi or stuen — ca 80 cm lange og batt det i kjervar med bellnar av björk. På sine stader her og hört dei kallar bellnane for kjervaband:

926

Det kunde og gå 8 – 10 år millom kvar gong dei hogde. Renningane i stuven var då store at dei kunde nyttast til hesjamatrial: staur og tro. Dei varte lenger um dei ikkje var skavne. Rauen var sjeldan ein lauva. Den vart hoggen um vettren og tidleg um våren. Brotet galt å vera like godt far som skavet og vart gjeve til kyrne. Raunen skulde alltid skavast. Skav kunde ein gjeva både til ku, sau og geit, men ikkje til hest.

Dei tid ein skav mykje til krotteri, høyrde ein aldri um mangelsjukdom på kui. Der dei sluttar å skava og driv hardt med kraftfor, fær ein gjerne både mjelkefeber og annan mangelsjukdom. Legg merke til det. — Før min brukte ikkje kraftfor, men skav, og kuene molka godt, so dei avla mykje smør og ost, både sumar og vetter.

Sau og geit fekk skavet einast men kui ~~fekk~~ gjerne noko høy attåt, elles fekk dei og berre skav i eit mål. Eit mål skav um dagen til sauen gjerne heile vettren. Kui fekk mindre av skav til vanleg. Men vart høyet lite på varparten, fekk kui både 1 og 2 mål skav um dagen. Då hadde ein mann fullt arbeid med å skava heile dagen.

Um hausten kosta dei saman askekvistene eller kjeppene som lauvet var brekka av — askekost. Dei hogde so morki upp i lengder på ca 60 sm. la dei på eit byrataug og bar dei heim på

926

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

3

ryggen. Dei var sjeldan einkvende
kogla markö heimo or skogen på snjo-
føret. Haustmarki skov ein upp fyrst.
Ei byr um kvelden laut ein mann
skava; i mine yngre år skov eg ofta 2
byrar um kvelden – i nittiåri. Ein
laut kvista og pussa kjeppene for nubb.
Nubben fekk kuene, ~~som~~ dei åt med
trivnad.

Då haustmarki (av ask) var
ende, reiste ein på skogen og kogde
enten ask eller rauni og drog den
heim i drogei; sjeldan kogring.

Dei gamle meinte at dei fekk
meir mjelk og finare rjome med skav,
serleg då med rauneskav.

Reiser ein eins erend til skogs
etter mork~~[illegible]~~, seggjer ein: eg skal i
markaskog, eg reiser på marking. Er
vegen lang, so skjer dei marki i skogen
og ber heim skavet, i sekk eller på rog.
Dei kan då vera vekke heile dagen og
kjem heim med skavet på ryggen.

Å marka brukar ein helst um
skav-veden, ikkje um lauv og mose.
Eg kan minnast at dei vaksne karane
reiste på skogen langfredag etter
ei markabyr (skavveden). Den måtte
dei og skava um dagen. No er det ingen
som gjer det. Heller ikkje reiser dei til
skogs og skjer der. Det er elles få som
skjer noko heima og no. Dei skov altid
markakjeppene inne i stova. Skjevland og
hesjamaterialen skov dei i løa eller og
ute ein stad i godt ver.

926

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Ein brukar til skaving ein stuttorvsljå, som er fetla med ei filla um handtaket. Er det større ved som skjevlar og hesjaved, so brukar ein ein langorv og fetlar den i båe endar for handtaket. Er ljåen for lang, bryt ein av ein ende, ytste enden. Ein kallar reidskapen skavljao i desse bygder

Tynsleljå til skavljao hev eg ikkje set. Men til store skjevlar, hev eg set fyrr at dei brukte ein bandekniv

Småved ein skjev um vetteren inne i stova, kallar ein sprak. Sume hev ein staur dei tvingar fast i golvet og uppe under ein bjelke. Dei held då skavljaoen mot stauren med høgre hand og kjeppen i vinstre hand som ein skyver att og fram og snur den i handa etter som ein tek av skavet. Med skavet fyl og det næraste av veden på kjeppen, men det må vera lite; elles skjev ein for hardt. Skavet skal vera mjukt, um det skal vera ateleg for krøturi. Det er ein kunst å skava fint og mjukt skav; det er ikkje alle som gjer det. Kjeppene vert kvista av ein annan med ein taukniv eller lite øks mot ein stabbe på golvet. Skjevlar må ein kvista med øks som oftast av skavaren sjølv. Bjørk, or, lind og furu skjev ein ikkje på desse kantar til krøturfor.

Sume brukar og ein skavkrakk med ein pinne på til støtta for skavljaoen. elles dei set ei list på sengjastolpen. Det siste var det vanlege fyrr, no ser ein det ikkje.

926

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Skjevlar og hesjamatrial skjev ein ved hjelp av ein sagekrak. Ein mann kan då greia seg åleine med skavingi; ellas hev dei stundom ein gutunge til hjelp for å halda og snu skjevlan.

Både kvinnar og menn skov; no er det berre mennene som skjev.

Skavhelt hev eg ikkje höyrt, men skavlist – på sengjastolpen.

Ein skjev fyrst den eine enden av kjeppen, snur den og skjev den andre enden. Når kjeppen er skaven, far den namnet sprek – eit sprekafang. Dei hogde sprake av i ?? og la dei, antan i omnsspalten eller og bakum omnen. Um morgonen var dei turre nok til å leggjast i omnen til koking av matvarar.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING